

SKEI BARNEHAGE

Formelle utfyllande bestemmelsar om
barnehagens innhald og oppgåver



Sunnfjord kommune

Innhold

Formålet, verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen	3
Rammeplanen er ei forskrift som er heimla i §2 i barnehagelova.....	3
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	5
Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering	5
Fagområda i Rammeplanen er:.....	8
Møter for personalet	10
Barnehagepersonalet har teieplikt og opplysningsplikt	10
Samarbeid heim – barnehage.....	10
Diverse informasjon	11
Barnehagelova §4 Foreldreråd og samarbeidsutval.	12



Formålet, verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen

Formålet til barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.» (Barnehagelova § 1 Formål endra 1.8.2010).

Rammeplanen er ei forskrift som er heimla i §2 i barnehagelova.



Den nye Rammeplanen som var gjeldande frå 1.08.17 er eit arbeidsdokument som skal implementeras hos personalet. Under her er det trekt ut punkt som ligg i rammeplanen.
Ønskjer de å vite meir kan de gå inn på lenka.

www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, planen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen.

Barnehagen skal gje barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder, ut frå barnas ståstad.

«Verdigrunnlaget:

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å i vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Barnehagen skal møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslle og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse. jmf. Rammeplanen 2017 s.7.

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.

Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølve og tru på eigne evner. Barn skal møtast med empati og få høve til å vidareutvikle empati og evne til å tilgi. Rammeplanen 1.08.2017 s.8

Demokrati

Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta.

Ulike meininger og perspektiv skal få komme til uttrykk og vere utgangspunkt for utviklinga av barnehagen som demokratisk fellesskap. Barnehagen skal bidra til at barna får forståing for og sluttar opp om demokratiske verdiar og normer som ligg til grunn for det samfunnet vi har i dag.

Mangfold og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar.

Likestilling og likeverd

Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrd og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling best mogleg.

Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det.

Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen.

Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlagning i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs og livssituasjonen til barna.

Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22.»

(Sitat henta frå Rammeplanen 01.08.2017 s.7 - 11)

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen. jmf. Rammeplanen 01.08.17 s.37



Dagane i barnehagen består av langt meir enn planlagde aktivitetar. "Her og no" situasjonar har vi flest av. Vi opplever både tabbar og gylne augneblikk. Alt har innverknad på at læring og utvikling skjer. Personalet må reflektere rundt og evaluere det som skjer. Justeringar og endringar må takast underveis.

Planlegging – kva skjer i tida framover?

Utforming av planer tek utgangspunkt i

- Tilbakeblikk og evaluering frå perioden som har gått.
- Interesser og behov i barnegruppa
- Innspel og tilbakemeldingar frå foreldra.
- Satsingsområde og rammeplanens fagområde.

Plandokument i Skei barnehage

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan, i tillegg til planar for kortare og lengre tidsrom.
(Rameplanen 01.08.2017 s.37-38)

I Skei barnehage består årsplanen av to delar: **Ein langsiktig plan og eit årshjul / aktivitetskalender. I tillegg kjem månadsplanar for kvar avdeling.** Planen er forankra i Lov om barnehage, ny rammeplan frå 01.08.17 og plan for barnehagesektoren i Sunnfjord kommune 2020.

Den langsiktige planen er barnehagen sitt grunnlagsdokument for arbeidet. Den skal gje informasjon om det tilbodet barnehagen vil gje barn og foreldre. Barnehagen si målsetting, verdigrunnlag og satsingsområdet

Årshjulet skal gje oversikt og informasjon om kommande barnehageår.

Månadsplanane vert laga på den einskilde avdeling og samkjøyrast der det er fellesaktivitetar.

Planen skal vise målsetjing, tema, metode og ein aktivitetsplan for kommande månad. Den skal ivareta endringar og interesser i barnegruppa.

Det som står på aktivitetsplanen er spesielle aktivitetar som er planlagt på dei ulike dagane. Er dagen tom følgjer gruppa vanleg dagsrytme og kan gjøre spontane ting.

Planen skal også gje eit tilbakeblikk / oppsummering frå månaden som har gått og informasjon om ting som skal skje.

Prosessane i barnehagen går over tid, frå 0 til skulestart. Kvar avdeling er fysisk tilrettelagt for ulike aldersgrupper. Aktivitetane på dei ulike avdelingane vert og tilrettelagt etter alderstrinn og modningsnivå på barna.

Tema og aktivitetar vil kome til utsyn i årshjul med aktivitetsplan og konkretisert for dei einskilde avdelingane i månadsplanane.

Plandokumenta inneheld mål og metode og skal bygge på kvarandre.

Gjennom aktivitetane og prosessane får barn kunnskap og erfaring som dei tek med seg vidare i livet.

Planen skal sikre heilskap og progresjon i arbeidet.

Barnehagen skal og ivareta "her og no" opplevingar. Dei er ofte impulsive, kan vere glade, triste og spanande ting som skjer med barna, familie og nærmiljø. Det er viktig å ta seg tid, sjølv om det ikkje er nedfelt i skriftlege planar.

Gjennomføringa av planen må vere så fleksibel at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Det er lov å gå utanom planen.

Dokumentasjon – Kva gjer vi i barnehagen?

Bilete frå kvardagen i barnehagen. Utstilling av ting barna har laga. Barnas permar. Tekstar og forteljingar. Plandokument og informasjon.

Vurdering – Korleis gjekk det og kor går vegen vidare?

Vurdering er eit planlagt og systematisk arbeid som personale, barn og foreldre er ein del av. Det gir informasjon om arbeidet og legg føringar for vidare planlegging.

Vurderingsarbeid: Observasjon av einskild barn, barnegruppas trivsel og utvikling.

Fortløpende vurdering av aktivitetar og prosjekt ut frå mål og metodar i årsjul og månadsplanar. Årleg vurdering av:

- Det pedagogiske opplegget – kvardagsaktivitetar i barnehagen.
- Kva kan barnehagen forbetre og utvikle seg på?

Kvart årshjul vil ha fokus på eit eige vurderingsområde.

- I år kjem vi til å vurdere effekten av omstruktureringa av avdelingane som vi gjorde i starten av barnehageåret 2020-21.


Arbeidsmåtane til barnehagen

Arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Digitale verktøy skal takast i bruk i lag med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte.



Den viktige tilknytinga mellom barnet og omsorgspersonen



Tilknyting er barnet si tilpassing til omsorgssituasjonen sin.

Det er foreldra som er dei viktigaste personane i eit barn sitt liv, det er dei som etablerer den viktige tilknytinga som eit lite barn er avhengig av for å få ei grunnleggande tillit til omgjevnadane. Ein tillit som gjer barnet i stand til og utforske verden rundt seg, og som veit at dei har ein trygg "base" (foreldre) å vende tilbake til. Etterkvar som småbarna vert eldre vil det etablere tilknyting til andre nære vaksne.

Vi som arbeider i barnehagen vert ein av barnet sin nære vaksne, av den grunn vert det viktig for oss i barnehagen å skape gode relasjoner til kvart enkelt barn.

For at vi skal kunne gi alle barn tryggleik og god omsorg med nære relasjoner, må personalet ha kunnskap om barns "livsverden" dvs. barns levde liv – det som omfattar barnet sin kvar dag, både i heimen, barnehagen og nærmiljøet.

Alle barn skal sjåast!

Vi som personale har eit ansvar for å skape gode relasjoner til kvart enkelt barn. Med begrepet gode relasjoner meiner vi at personalet skal respondere umiddelbart og hensiktsmessig på signala som barnet kjem med, barnet vil då føle seg forstått og ivaretatt. Små barn er rasjonelle i sin fungering, og treng ein voksen samspelspartner som deltar i lag med dei i dagleglivets ulike situasjoner.

Småbarn (0 til 3 år) klarer ikkje alltid å uttrykkje seg gjennom språket. Dei er avhengig av at vi vaksne har evne til å lese kroppsspråk, eit kroppsspråk som består av 9 ulike medfødde grunnaffektar. (glede/velbehag, interesse/iver, forbausing/forundring, redsel/skrek, bedrøving/fortviling, sinne/raseri, skam/audmjuking, motvilje/vemmelse) affektar er raske følelesar som kjem og går, og er barn sin måte å gi uttrykk for det dei føler og opplever i ulike situasjoner. For at vi vaksne skal klare å ta tak i desse raske affektane må vi vere nær og tilgjengeleg for barnet. (Brodin og Hylander, «Selv-følelse- å forstå seg selv og andre», 2004)

Det er viktig å vere obs på sitt eige blikk i kommunikasjon med barn, passe på at det er samsvar mellom det ein seier og det ein gjer.

Fagområda i Rammeplanen er:

Kommunikasjon, språk og tekst

Dette jobbar vi med på ein eller annan måte kvar dag.

Til dømes: Vi set ord på det vi gjer og ser, kjensler, tankar, meininger og erfaringar, har lesegrupper/samtalegrupper og brukar lydbøker.

I dei små augeblicka ser vi dei store hendingane i barns liv

Kropp, rørsle, mat og helse

Vi jobbar kvar dag med å øve inn gode vanar. Alle skal få oppleve glede ved å vere i aktivitet. Inne lagar vi til

hinderløyper og vi har madrassrom der barna får utfolde seg. Ute er vi i aktivitet på diverse underlag både i og utanfor barnehageområdet til alle årstider. Vi går på turar i nærmiljøet, dei eldste barna vil gå oftare og lengre turar enn dei minste. 4- og 5-åringane går til Skei skule for å ha gym i gymnastikksalen, mens dei mindre har gym i barnehagen. "Blåbærtrolla" (5-åringane) vil ha ein dag i veka der dei har ulike aktivitetar eller går på tur i eiga gruppe. Dei brukar og basenget på Skei skule når det er mogleg.

I mai har vi sykkeldag, for 4- og 5-åringane, med eigne syklar og hjelm.

Barna skal og oppleve matglede ved å vere med å lage mat. To gonger i månaden lager vi varm mat (dette gjeld ikkje under smittevernsreglar under Korona).

For at barna skal bli kjende med kroppen sin har vi kroppen oppe som tema i samlingstunder, utover det vert det snakka om kroppen under mange aktivitetar i løpet av ein dag i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna vert kjende med kroppen sin og blir bevisst på eigne og andre sine grenser.

Kunst, kultur og kreativitet: Barna har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene. Personale legg til rette for at barna skal få bruke fantasi, tenke kreativt og oppleve skaparglede. Det vert laga diverse hemmelege aktivitetar. Vi har fokus på prosessane og ikkje produkta, barna skal gjere det meste sjølv.

Til karnevalet, vel avdelingane eit eventyr, dei vil dramatisere og lage enkle men eigne kostymer til. Barna dramatiserer for dei andre avdelingane.



Natur, miljø og teknologi: Naturen gir rom for eit mangfold av opplevelingar og aktivitetar til alle årstider og i allslags ver. Vi håper at barnehagen er med på å bidra til at barna vert glade i naturen og får lyst til å vere ute og verne om naturressursane. Barna skal få kunnskapar om og erfaring med dyr og vekstar, kunnskap om at dei er avhengige av kvarandre og er viktige for matproduksjonen. Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling. Vi håper barna vil utvikle ein gryande forståing for korleis dei kanta vare på naturen ved å snakke om resirkulering. Vi plukkar opp søppel og kastar ikkje ting i naturen. Barna skal så frø og få kjennskap til kva som må til for at frøet skal spire og verte til ein plante, dei skal også få kjennskap til livssyklusen til mennesket.

Mengd, rom og form. Vi skal bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, eiker og utstyr for å inspirere barna til å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen. Personale skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølv og vere kreativ og skapande. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Dei tel, utforskar rom og formar, argumenterer og er på jakt etter samanhengar.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldninga. Vi skal gjennom forteljingar skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, bli kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen. Utforske og undre oss i lag over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål. Barnehagen skal bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre med grunnlag i verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei eldste barna deltek på barnehagegudsteneste i starten av desember i Helgheim kyrkje. I 2020 vil barnehagegudstenesta bli i barnehagen grunna smittevern.

Nærmiljø og samfunn. Barna skal ha medråderett og påverke det indre livet i barnehagen. Vi skal følge demokratiske prinsipp i det daglege arbeidet. Vi skal gje barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering. Barna skal bli kjent med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer. Bli kjent med at samane er Norges urfolk og få kjennskap til samisk kultur. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Bli kjende med nokre historiske endringar i lokalmiljøet og samfunnet.

Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ei gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna.

Vi er innom dei ulike fagområda gjennom kvardagsaktivitetane og satsingsområda vi held på med. Fagområda vert fletta i kvarandre.



Møter for personalet

Eit godt barnehagertilbod krev organisering, planlegging, gjennomføring, observasjon, refleksjon og evaluering frå personalet si side.

Avdelingsmøte 1 time kvar veke der personale frå andre avdelingar ser til barna.

Pedagogisk leiarmøte 1,5 time kvar veke.

Personalmøte 2 tima 8 gongar i året.

Planleggingsdag 5 dagar pr. år jmf. avtale med kommunens sentralforbund KS særavtale SFS 2201.

Planleggingsdagane medfører stengt barnehage for barna, sjå **driftsplenen** bakerst i årsplanen - årshjulet. Alle planleggingsdagane er felles for dei kommunale barnehagane i Sunnfjord kommune.

Skulens haust- og vinterferie, jul og påske vert nytta til ferieavvikling og avspasering for personalet. **Avspasering skal i utgangspunktet skje utan å ta inn vikar**, det er difor viktig at vi får beskjed når barna skal ha fri.

Barnehagepersonalet har teieplikt og opplysningsplikt

Personalet har teieplikt og opplysningsplikt ut frå:

Barnehagelova §20 Forvaltningslova sine reglar om teieplikt §13 til §13f gjeld.

Barnehagelova §21 Opplysningsplikt til sosialtjenesten og den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Barnehagetilsette skal gje bistand i klientsakar. Dei skal i sitt arbeid vere merksamme på forhold som bør føre til tiltak frå kommunen si side. Av eige tiltak kan opplysingar berre gis etter samtykke frå klienten, eller så langt opplysningane elles kan gis utan hinder av teieplikta. Opplysingane skal normalt gis av styrar.

Barnehagelova §22 Opplysningsplikt til barnevernstenesta

Barnehagetilsette skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side. Utan hinder av teieplikt skal barnehagetilsette av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det føreligg mishandling av barn i heimen eller andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Samarbeid heim – barnehage

Det er foreldre som har ansvaret for å oppdra barna.

Barnehagen si verksamhet skal vere i nær forståing og samarbeid med heimen.

Foreldre og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling.

Mål for samarbeidet:

- Foreldre som er trygge på at barna har det bra i barnehagen, som er bevisste si rolle og ynskjer å vere med å påverke barnehagekvelden.
- Ein trygg og god dialog mellom personalet og foreldra, der ein kan ta opp det som opptek ein i forhold til barnet og barnehagen, sjølv om det skulle innebere kritikk.

Samarbeidsformer/informasjon:

Når barna kjem og vert henta er viktige situasjonar for utveksling av informasjon. Det kan vere praktisk ting og små og store opplevelingar barnet har hatt heime eller i barnehagen.

Oppstartssamtale med foreldre har vi når nye barn tek til i barnehagen. For alle barn vert det gjennomført ein samtale i november og ein på våren. Samtalane vert gjennomført på dagtid. Utover dette kan føresette og personale når som helst be om ein samtale.

Barnehagen kallar inn alle føresette til foreldremøte i september/oktober, generell informasjon om planar frå barnehagen og avdelingsvise møter. Eit foreldremøte i mars/april

oftast temabasert og evaluering. Vi har FORUT kafé med inntekt til eit prosjekt, jule- og påskefrukost og dugnad oftast i mai/juni. Desse aktivitetane kan bli endra eller avlyst grunna koronasituasjonen.

På avdelingane har vi ein infoskjerm der det vil bli vist bildar frå aktivitetar og glimt frå livet i barnehagen med jamne mellomrom.

Diverse informasjon

NB! Vi er i ein overgangsfase med overgang til digitale frammøtelister og så lenge det er koronasrestriksjonar kryssar personalet av på listene sjølv.

Sakslistar og referat frå møta i samarbeidsutvalet, månadsplan, og anna informasjon til foreldra frå barnehagen skal etter kvart bli sendt meir og meir på e-post, mindre og mindre vert lagt ut i hylla til barnet. Vi heng opp på oppslagstavla det vi sender ut på e-post. Dersom du ikkje får e-post frå oss sei ifrå så kan vi sjekke om vi har rett e-post adresse.

Informasjon om barnehagen finn de inne på barnehagen si side på Sunnfjord kommune si heimeside. <https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/skei-barnehage/>

Barnehagelova §4 Foreldreråd og samarbeidsutval.

"For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg."

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal få saker som er viktige for foreldrenes forhold til barnehagen.

Det skal vere eit forum der alle foreldre kan møtast å diskutere ønskjer og behov og kome med forslag til barnehagen.

Foreldrerådet vel foredrerrepresentantar til samarbeidsutvalet.

Det skal veljast to foredrerrepresentantar med vara til samarbeidsutvalet (arbeidsutval).

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Det skal vere med å godkjenne årsplanen: langtidsplan og årshjulet. Budsjettforslag, driftsendringar, arealutnytting osv. Representantane kan kome med råd og innspel. Dei kan arrangere dugnader, temakveldar og andre arrangement som kan skape kontakt mellom heim og barnehage. Oppstår det konfliktar skal samarbeidsutvalet jobbe for å finne fram til gode løysingar.

Samarbeidsutvalet for Skei barnehage er samansett av:

- 2 representantar frå personalet
- 2 representantar og 2 vara representantar frå foreldra. Vald på foreldrerådsmøte
- 1 representant frå kommunen, valperioden
- Styrar har møte, tale og forslagsrett.

Samarbeidsutvalet har 3 - 4 møter pr. barnehageår, pluss ansvar for innkalling til dugnad.

Føresette er med på å påverke barnehagens innhald gjennom foreldresamtalar, foreldremøte/foreldrerådsmøte, brukarundersøking og møter i samarbeidsutvalet.

Koronaen gjorde til at vi måtte ha 3 forskjellige foreldremøter i haust. Det er valgt ein foreldre frå kvar avdeling til samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet konstituere seg sjølv.

Skei barnehage 06.10.2021

Mona Skaiå Årdalsbakke
Einingsleiar
Tlf. 57 72 64 35

Stian Stalsberg Kjørren
Assisterande einingsleiar
Tlf. 57 72 64 32